


# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr 3, 2012/2013

• januar • februar • mars •  
President Trond Skjelten



Redaksjonskomité: Harald Gudbrandsen, Arne Vågnes og Johanne Alvestad



## 8.1.2013 - Fritt møte

Trond ønsket alle Godt Nyttår! Det var kun Arne Tande som hadde hatt gebursdag, klappa for han. Trond orienterte oss om at Vatne/Tennfjord Rotary-klubb hadde bestemt seg for å legge ned klubben, det vart ein diskusjon rundt dette, men salen kom fram til at Trond og styret skulle ta seg av den saka.

Thorleif skulle fortelje om bøker han hadde lest i jula. Han fortalte litt frå Haram Kulturhistoriske lag, ein artikkel Dag Alvestad hadde skreve om dei eldste husa i Brattvåg. Anbefalte oss å lese den, synest den var god.

Den Norske Langrennsboka: Øyvind Sandbakk frå Ørsta er ein av forfatterene. Skreiv om dei fleste langrennsløperene gjennom tidene. Spesielt om treningsmetoder.

Mitt liv som I: av Kjetil Rekdal. Knut Bergheim har også gitt ut ei bok med fleire gode historier, han las opp blant anna Ti tommeltotter og vi fekk ein

god latter. Begge er frå Fiksdal, og sidan Thorleif er derfra, var det kjekt for han å lese bøkene, meiner han. Johanne.

## 15.01.2013 - Rotaract

Trond ønska oss velkommen, spesielt til Silje og Marit frå Borgund Rotaract. Også Åse Karoline som var utsending til Ryla i Ulsteinvik i oktober 2012. Tove Høistad og Johan Mork fikk applaus for å ha hatt gebursdag.

Onsdag 23. 2013 skal styre møte styre i Vatne/Tennfjord Rotary i Tennfjorden.

Åse Karoline fortalde korleis ho opplevde dette med å delta på Ryla i Ulsteinvik. Ho takka for at ho fekk reise. Ho likte seg veldig godt. Dei vart oppdelt i grupper, for å bli bevisst kva rolle dei spelte i eit team og plassere seg sjølve i ei rolle som dei trudde dei hørte under.

Typologi: må ha ulike mennesker for å bygge eit godt team.

Fra venstre Åse Karoline, Marit og Silje

Dei var på omvisning på Kleven Verft der dei fekk innblikk i heile prosessen av bygging av båter. Vart kjent med mange nye på sin alder. Ho synest det var svært lærerikt.

Marit Gamlemshaug: har vore hos oss tidligere og ho fortalde litt om Rotaract, korleis dei jobber. Det er 13 aktive klubber i Norge og at det er fleire stader det vil komme nye klubber. Det var berre 126 medlemmer i 2011. Aldersgruppa er frå 18-35 år. Så kan dei gå direkte over til å bli medlem i Rotary. Borgund Rotaract var nede i 10 medlemmer hausten 2011, men no er dei 30 medlemmer, mest jenter, men dei har fått med 6 gutter. Dei fleste som er med er frå Ålesund-området. Landsstyret har tett oppfølging med klubbene i distriktet, dei innbetaler ein kontingent på kr. 300,- pr. medlem til hovedklubben, så betaler dei det same

beløpet om våren til klubbkassa. Silje Ranum Muri er president dette året, ho var ei veldig engasjert dame og fortalde korleis dei hadde fått så mange nye medlemmer. Tema: Mot og Begeistring, det var viktig for klubben å ha gode foredragsholdere, spennende bedriftsbesøk, invitere protensielle nye medlemmer, bruke facebook og Twitter. Snakke med andre dei møter om kor kjekt det er på møtene, ver open for andre kva Rotaract står for. Dei har også internasjonale prosjekt, i år er det rekruttering. Johanne

### 22.01.2013 - Vinsmaking

Trond ønsket oss velkommen. Dagens program var Vinkurs med Øyvind Haugen. Han var som vanlig engasjert og vi fekk smake fleire gode viner og stemninga steig utover kvelden. Johanne

### 29.01.2013 - Fritt møte

I dag var det fritt møte og vi hadde besøk av ein del av medlemmene frå Vatne/Tennfjord Rotary-klubb og praten gikk livlig rundt om. Applaus til Leif Sønnerland som hadde fylt 80 år og Rolf Doran som også hadde hatt dag. Johanne

### 05.02.13 - Arbeidsinnvandring i Haram

I president Trond sitt fråvær var det Anne Marit (innkomande) som ønskte forsamlinga vel møtt. Først eit par klubbsaker:

- Påminning om årsfest 23.02.13. Siste frist for å melde seg på. Gjer vel og prioriter årsfesten!
- Den tradisjonelle torskeaftan i Ålesund. Invitasjonen frå Ålesund Øst er komen. Anne Marit oppfordra alle til å melde seg på. Vi har gode erfaringar frå tidlegare besøk.



Grundig vurdering av forskjellige rødviner.

- Trond prøver å starte opp att med ”3-minuttsordninga”. Oppfordring til medlemmane om å nytte seg av dette og melde innlegg. Ho gav ordet til Inger Synnøve Remme som var dagens ”hovudtalar” med temaet Arbeidsinnvandring i Haram. Inger Synnøve er tilsett i Haram kommune, men arbeider i Haram Innovasjonsstudio. Eit organ finansiert av Haram kommune, NHO og det lokale næringslivet. Ho fortalte om eit prosjekt som innovasjonsstudioet arbeidde med: Kva kan Haram gjere for at motaket av desse innvandrarane vert mest mogleg vellukka? Nokre moment i denne samanhengen:
  - 10 % av alle innbygarane i Møre og Romsdal er innvandrarar. Dette er ei samansett gruppe både med flyktningar

og arbeidsinnvandrarar. Dei fleste av arbeidsinnvandrarane kjem frå EØS området (fri flyt av arbeidskraft). Mange frå dei baltiske landa og Polen.

- Som industrikommune med behov for meir arbeidskraft er dette viktig for Haram. Auka i sysselsettinga dei siste åra er det stort sett arbeidsinnvandrarar som står for.
- Haram kommune er ganske dyktig på dette området: Vi har oppdatert heimeside, velkomstbrev og arrangerer språkopplæring. Språkopplæring vart nemnt som nøkkelen til vellukka innvandring.
- I tillegg til dette har Haram Innovasjonsstudia eit prosjekt der dei har sett i gong mange gode tiltak for å integrere innvandrarane på fritida: dugnader, konsertar og liknande sosiale tiltak. På denne måten lærer deltakarane norsk språk, sam-





Inger Synnøve Remme og  
Anne Marit Sønderland

funn og veremåte. Og det skapar trivsel.

Til slutt nemnde Inger Synnøve litt om suksesskriterium for arbeidet deira og litt om fallgruver. Etter spørsmål frå salen fortalde inspektør Magne Lundemo litt om utfordringane på Brattvåg Barneskule i samband med innvandring. Ein tredjedel av borna der er no innvandrarar! Ressursane er knappe.

Arne Vågnes

### **12.02.13 - "Våre nære fortid" ved Rolv Rørhus.**

President Trond (endeleg attende!) ønskte alle velkomne. Klubbsaker:

- Fødselsdagar sidan sist: Trond. Velfortent applaus...
- Sommarutveksling. Søknad frå student frå Seattle USA om opphald i vårt område sommaren 2013. Interesserte vertsfamilier må melde seg.
- Paminning 1: årsfest laurdag 23.02.13
- Paminning 2: Torskeaften i Ålesund fredag 08.03.13. Vi er som vanleg inviterte av Ålesund Øst.
- Anne Marit gjorde kort greie for ein "vennetur" ho arbeider

med til påske 2014. Reisemålet var dei karibiske øyane. Alle medlemmane i klubben vart likegodt inviterte til å vere med! Meir info følgjer seinare.

Bjørn Johnsen, leiar av komiteen for medlemsutvikling, fekk ordet. Han orienterte om arbeidet i komiteen. Fleire gode kandidatar av begge kjønn i sikte... Vatne og Tennfjord Rotaryklubb har bestemt seg for å legge ned klubben. Medlemmane er velkomne over til vår klubb.

Dagens hovudprogram:

"Våre nære fortid" ved Rolv Rørhus.

Rolv gjorde greie for industriutviklinga i maritim sektor i vårt område med eit historisk tilbakeblikk. Vi fekk høyre om korleis fiskarane våre vart tvinga til å dra lengre til havs på 1700-talet då fisken vart meir eller mindre borte frå fjordane. For å meistre dei nye utfordringane vart Sunnmørsåttringen (dyktig havbåt) utvikla. Seinare kom spel som gjorde arbeidet til fiskarane lettare.

Særleg fekk Nils N. Finnøy omtale for utviklinga av eit bestemt spel som vann ein pris i Paris! Vi fekk høyre om eit innovativt maritimt industrimiljø på Finnøya som fungerte som ein opplæringsarena for mange som seinare starta eigne bedrifter (Einar Røsok, brørne Brunvoll osv)

Vi fekk sjå mange fine bilete frå båtbygging i Brattvåg opp gjennom tidene: både frå Brastad Båtbyggeri (Gamle "slippen") og frå Brattvåg Skipsinredning. Særleg vart grunderane Ingebrikt Sandnes og Perry Sønderland omtala.

Den maritime klynga på sunnmøre vart ein suksess på grunn av det nære samarbeidet mellom brukarar og produsentar.

Etter kvart vaks oljeindustrien fram, og vi fekk ein endring i båtproduksjonen: fiskebåtane vart meir eller mindre erstatta av skip til offshorenæringa. Sunnmøringane meistra denne oppgåva også! Vi fekk høyre at skrogbygging etter kvart vart for dyrt i Noreg, og at Leif Arne Langøy fekk ideen om å setje denne delen bort til lågkostland (Romania). På denne måten vart vi også konkurransedyktige i den nye tida.

Til slutt fekk vi også eit lite oversyn over Hydraulikk AS (Rolls-Royce) si historie. Ein lærerik kveld!


Arne

### **26.02.12 - STX Accomodation**

Bedriftsbesøk i Tennfjorden hos bedrifta STX Norway Accomodation AS. Eit selskap som har spesialisert seg på innreiing av skip (accomodation=husrom, opphaldsrom, losji...). Gry Haukås tok i mot oss og fortalde litt om selskapet. Stort sett er det snekkarverkstadene på skipsverfta i området som har slått seg saman og flytta inn i eit felles lokale i Tennfjorden, Johangarden AS. Tanken er at denne samanslåinga skal skape eit sterkare fagmiljø og høgare effektivitet gjennom synergi-effektar.

Selskapet har om lag 60 tilsette og hadde ei omsetjing på 180 millionar kroner i 2012. Målet er å ekspandere slik at skipsbygarar utanfor STXosv også kan kjøpe produkt og tenester av Accomodation. For å nå desse måla er ISO-sertifisering viktig; dette arbeider bedrifta med å få på plass. Gry fortalde også om betydninga av godt HMS-arbeid på bedrifta. Tidlegare var snekkararbeidet rundt på verfta svært manndominert og arbeidsplas-






En interessert flokk ser seg rundt.



Dette skal i ein Brattåvngbåt



Her produseres standardmodular

sane var prega av dette. Dette har endra seg mykje: ca halvparten av arbeidsstokken er kvinner i dag. Dette skapar eit heilt nytt og betre arbeidsmiljø.

Vi vart vist gjennom dei forskjellige avdelingane og såg korleis produksjonen var tatt over av store og effektive maskinar.

Ideen likna på det som vi kjenner som IKEA-møbler: mange maskinproduserte standardmodular som kan setjast saman på forskjellig vis etter behov. Produkta var køyer, garderoleskap, skrive-

bord, osv. Lokala var store og romslege med rom for ekspansjon.

President Trond takka på vegne av Brattvåg Rotaryklubb for omvisninga. Eit interessant og lærerik møte med god deltaking. Arne

### 23.02.2013 – Årsfest

Også i år var årsfesten laget til Brattvåg Hotell. Vi ble 53 deltagere, derav 2 par fra Vane/Tenfjord. President Trond ønsket velkommen før vi sang Konge-

sangen og drakk Kongens skål. Klubbmester Lidvar overtok så og ledet festen på en munter måte. 3 søsken Sønnerland Nustad underholdt oss med sangglede og fine sanger. Johnny holdt tale for damene, Bente B. for herrene. Begge kom med mange sannhetsord. Rolv R. holdt hyllingstale for de norske skijentene og for jenter/damers innsats i samfunnet generelt. Til slutt takket Sindre for maten, som var utsøkt. Ny kjøkkensjef fikk vist hva han er god for.





Rune Haram med en av mjølkekuene på garden.



Oversikt over noe av landbruksarelaet på Haramsøya



## ÅRS- FESTEN

Festleder Lidvard



Tove og Trond



Det vi fikk servert



Søsknene Sønderland Nustad

Anne Marit hadde laget en artig quiz før vi videre hygget oss med prat og dans.

HG

### Rotarymøte 05.03.13 – Rune Haram frå Haram Landbruksråd

Hjørdis ønske alle saman velkomne på vegne av president Trond som var fråverande denne tirsdagen. Klubbsaker

• Bjørn Sandnes hadde fødselsdag på måndag 4/3. Forsamlinga ønske han til lukke med vel overstått.

Dagens hovudgjest Rune Haram frå Haram Landbruksråd vart introdusert.

Han fortalte først litt om det kommunale landbruksrådet sine oppgåver. Etterpå fekk vi sjå tal som viste tydeleg at Haram kommune er ei betydeleg kommune i landbrukssamanheng. Haram kommune har eit areal på 256 000 da. Av desse er det 18 000 da som er dyrka mark.

På denne dyrka marka hadde vi i 2010 følgjande produksjon:

- Storfe: 340 000 kg
- Mjølkk: 4,8 millionar liter mjølkk
- Sau: ?
- Egg: 260 000kg

Ein betydeleg produksjon, langt meir enn kommunen sine eigne behov. Så vi ”eksporterer” landbruksvarer til andre delar av Noreg. Ikkje berre er produksjonen stor, målingar viser også at han har svært god kvalitet.

Rune Haram hadde klare meininger om grunnane for dette: Den viktigaste er kompetanse. Han fortalde om fleire doktorandar frå Ås som hadde bidratt med viktig forskningsbasert kunnskap til distriktet. Elles var han oppteken av at mønsteret med sterke næringsklynger også er viktig for landbruket, ikkje berre i maritim industri.

Biletet er likevel samansett: landbruket har også utfordringar. Mangel på landbruksareal er eit problem. Likeeins tilgangen på grovfor. Grovforet må importere frå andre delar av landet og utlandet. Rune argumenterte sterkt for at landbruksarealet i kommunen ikkje vert bukt til andre utbyggingar .

Til slutt fortalde Rune litt frå livet som bonde på Sørengarden på Haramsøya. Han har fått mykje merksemd i media i det siste på grunn av eit nisjeprodukt: Gourmetkjøt. Han fortalde levande og engasjert om metodane for produksjon av dette spesiell kjøtet og det gode resultatet. Nyleg hadde han presentert kjøtet på ei messe i Tyskland med god mottaking.

Det er sjeldan å høyre så mykje positivt om norsk landbruk på ein gong! Optimismen til Rune Haram vart godt motteken av klubben vår.

Arne



### 12.03.2013 – Fritt møte

Trond ønsket velkommen og refererte litt fra Torskeaften i Ålesund Øst som i år ble arrangert på gamle Gulix. 4 deltagere fra Brattvåg. Det var hyggelig og fersk torsk med tilbehør smaker alltid godt. Vinsmaking la heller ingen demper på stemningen.

Rolf Doran refererte fra prePETS på Vestnes. Der møttes påtroppende presidenter, sekretærer, kasserere og TRF-ledere fra distriktet. Her ble Rotarys strategi for kommende Rotaryår presentert. Det ble også gjennomgått hva kontingenten til TRF ble brukt til og hvilke prosjekt klubben kan søke støtte til.

Rotarys hovedprosjekt, bekjempelse av polio, er nå i ferd med å bli avsluttet. Ellers fortalte Rolf D. litt om Volda Rotarys prosjekt med solcellepanel for strøm til skoler i Sierra Leone.

Arne T. orienterte om lysløypeprosjektet og søknaden om tippemidler. Han lurte også på hvilke planer klubben har med lysløypa i fremtiden.

HG

### 19.03.2013 – Lensmann i Haram

Trond ønsket velkommen og refererte fra møtet styret hadde hatt med Vatne/Tennfjord ang.



Trond i munter samtale med Øyvind Verpeide, lensmann i Haram.

nedleggelse av klubben der og evt. overflytting av medlemmer til Brattvåg. Guvernøren hadde også uttalt seg om saken. 4-5 medlemmer fra V/T kunne tenke seg å bli medlemmer i Brattvåg. Påtroppende Anne Marit hadde vært på PETS i Ålesund sammen med 50-60 andre delegater fra distriktet. Fokus var lagt på å fortelle om det vi holder på med. Distriktsguvernøren var også tilstede og snakket både på inn- og utpust. Ny distriktsguvernør blir Roy Heine Olsen fra Elverum. Påtroppende verdenspresident, Ron Burton fra Canada ble også omtalt. Mye interessant og Anne Marit gleder seg til å starte i jobben som president.

Dagens program var ved Øyvind Verpeide, lensmann i Haram fra 2011. Han presenterte seg med å fortelle litt om sin bakgrunn og om noen av sine opplevelser fra 32 år i aktiv polititjeneste. Han var veldig opptatt av den service politiet skal yte i samfunnet, og hvilke midler politiet trenger for å utføre den. Vi vet at det er omlegging på gang. Hvordan polititjenesten på Sunnmøre skal organiseres og drives i framtiden hadde lensmannen også sine tanker om. Litt satistikk over utvikling og typer kriminalitet vi kan forvente oss. På grunn av store endringer i befolkningen vil alle offentlige etater stå overfor nye utfordringer. Mange spennende opplysninger om tjenesten, som er opptatt av å gjøre en så god jobb som mulig for befolkningen.

HG

---

### Rettelse

I forrige nummer av kvartalsbrevet vårt hadde vi gjengitt feil i Rolfs innlegg om verdens eldste Rotary-medlem, Falch. Det var kronprins Harald som i 1963 ble utnevnt til æresmedlem i Rotary av daværende president Falch i Oslo Rotary.

